

PRIVATDETEKTIV TORGH HAMMARHAKK

Tekst og bilete av Åge Hovland Peterson © 2013.

ÅRET ER 1053. EI TID DER FINESSAR OG MANERAR ER LIKE VANLEGE SOM ALKOHOLFRI MJØD. LOV OG ORDEN; KVEN ER DET?! I LUTKANTEN AV EIN LITEN VESTLANDSBY LEVER EIN PIONÉR SOM HAR SETT SEG TRØYT PÅ DEN EINSRETTE TIDSÅNDA...



EG ER PRIVATDETEKTIV AV YRKE. TORGH HAMMARHAKK ER NAMNET. SON AV TARGH, VÆPNAR.



GULLGUTEN TIL MOR MI, AGATA KRISTIDOTTIR. EI LÆRD ODELSJENTE SOM SKREIV OG LAS EIGNE MORD- OG MYSTERIENOVELLER TIL MEG DA EG VAR LITEN.



SOM EG ELSKA DEI! MYSTERIUM OG GÅTER I LUKKA ROM, DER EINASTE SPOR Å FØLGJE ER EI VELTA GIFTFLASKE ELLER EIN LITEN BLODDROPE PÅ EIN NYVASKA LINBLUSE.



INTRIKATE INTRIGAR! LAUSE TRADAR! MYSTISK DØD EIN MÅ TY TIL HTERNEBØRKEN FOR Å LØYSE! DEDUSERE SEG FRAM TIL DEN SKYLDIGE FOR EIN HEIDERLEG DOM!




RAFFINERTE MYSTERIUM?! EIN FJERN DRAUM FOR FJOLS I EIN HARSK KVARDAG.



MEN KANSKJE VINDEN KAN SNU, OG GJE MEG NOKO SOM ER VERDT
Å STIKKE SNYTESKAFTET I ... **VENT!** KVA ER DETTE FOR NOKO?

SKUGGEBILETE AVSLØRER SEG SJØLV. EI DAME MED
FRODIGE PROBLEM! DET SITRAR I HJARTE OG HIERNE,
I DET HO SMETTER INN EIN KONVOLUTT ...




Kjære Torgh. Du er invitert til middag på Blåstøer Slot
andre solnedgang fra i dag. Talsst då, ikkje no.


Helsing
Grethe



ORSAK, UNGE MØY!
PILA VAR MEINT
FOR EIN ANNAN.




AH! MEKTIG! KORT OG BRUTALT
SKRIVE. GARANTERT NOKON SOM VIL
HA GRETHE TIL Å HALDE TETT!
AH! **TAMPEN BRENN!**




KVA YNSKJER GRETHE Å SEIE?
KVIFOR SÅ HEMMELEG? LIGG DET EIN MØRK LAGNAD
OVER SLOTTET? KVEN ANDRE KJEM TIL MIDDAG?
KVA ER DET TIL MIDDAG?



VED ANDRE SOLNEDGANG HAR EG ØYA TRYGT
UNDER BEINA MINE, OG STIRAR EI SCENE FULL AV
POTENT MYSTIKK, MIDT I KVITAUGET.



EG HELD MEG UTANFOR SAMTALANE. SAMTALAR
LIKE SEIGE SOM ELGSTEIKA. KVAR ER GRETHE?
HAR NOKON STILNA HO? ALLE SER
MISTENKJELEGE UT. NOKO MÅ SKJE.
DETTE ER KEISAMT ...



KVEN VIL HA
DEN SISTE
KRUSA MED
MJØD?!



I ODINS NAMN!
TALGLYSA STOPPA BRÅTT
OPP Å SKINE. FABELAKTIG!
TREKK FRÅ VINDAUGET?
ELLER EIT **ONDT TREKK**
FRÅ NOKON I ROMMET?!

